

# Aktivitetsplan 2007

Dato	Arrangement	Komite
27. mar	Årsmøte:	
31 mar - 1. apr	Øvingshelg / konsert	- Idar
12. mai	Dugnad	
17. mai	Marsjering	
2. jun	Dugnad	
8. - 10 juni	Øving speling i Måløy	- Eirik
21. aug	Øvingsstart:	
8. - 9. sept	Prosjekt drømmekonsert	- Idar
28. okt	Basar:	
16. - 18. nov	Øvingshelg:	- Idar
2. des	Julegrantenning	
16. des	Julekonsert	
28. des	Juletrefest	
5. jan	Nyttårskonsert.	- Idar
Helga før NM	Øvingshelg	- Idar eller Eirik
Feb (andre helga)		NM - Idar eller Eirik



**På kryss og tvers med VG**

**Prøv VG-kryss Vannrett:**

1. Italiensk by
5. Dyr
6. Fall

**Loddrett:**

1. Dyr
2. Ryke
3. Foredlet korn
4. Det hele

	1	2	3	4
1				
5				
6				

# God påske Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Pr. 3

14. årgang

Laussal: Gratis

Mars 2007



## Øver til mesterskap

Holvik Skulekorps, Skram Skoles Musikkors og Raudeberg Skulekorps skal delta på Sogn og Fjordane Meisterskapen for skulekorps på Nordfjordeid 23. og 24. mars. Det har vore intens øving, og dirigent for Holvik, Roar Ståle Vedvik, håpar musikantane øvar heime, og gjer så godt dei



kan. Vi ynskjer alle som skal delta lukk til. Tips til god speleform er mykje søvn, og eit godt måltid med egg og bacon før de går på scena. God appetitt, lukke til og God Påske til alle.



[www.torskangerpoll.no](http://www.torskangerpoll.no)



# Årsmøte 2007

**Tirsdag 27. mars 2007 klokka 20.30**

Det blir med dette kalla inn til årsmøte i Torskangerpoll Musikklag i Frelsesarmeen - Måløy. Det blir behandla ordinære årsmøtesaker som valg, rekneskap, budsjett og innkomne saker.

Saker til til årsmøtet må vere styret skriftleg i hende før 13. mars 2007.

Betalande aktive medlemmer har stemmerett

**Helsing styret i Torskangerpoll Musikklag**



## Nytt namn, nytt liv? Løvset blei Barmen

Etter mange og lange runder med meg sjølv har eg no teke steget: eg har skifta namn. Eg vart som dei fleste ungar døypt med far min sitt etternamn, og sjølv om det ikkje er noko gale med korkje far min eller namnet hans kjennast det feil for meg som nordfjording å ha eit trøndernamn som ingen i familien min har noko forhold til. Difor har eg altså teke mor mi sitt namn, som er Barmen. Barmen veit eg kor er hen. Eg eig dessutan ein fjerdedel av ein sjettedel av ein femtandedel av eit hus der. Det er meir enn eg gjer i Løvset. Eg har mange håp og visjonar for framtida mi som Ane Barmen. Eg anar ikkje kva som ventar rundt neste sving. Kanskje eg blir flink til å lage mat, som ein-og-ein-halv-menningen min, Lars? Kanskje eg blir lærar i Volda, som onkel Leif? Eller kanskje eg får svart hår, som bestefar hadde? Eg stiller med ope sinn og er klar for det meste. Andre som vurderar å skifte namn og lurar på kva utfordringar dette kan medføre må gjerne ta kontakt. Eg kan dele erfaringar og tankar rundt emnet, og kanskje har eg også ein kaffiskvett på lur.



## Det var då, det.....

Torskangerpoll Musikklag på tur til Ålborg 1994.

F.v.: Anita Kvernevik, Petter Oksholen, Dianne Færestrand, Monica Vedvik, Lindis Kvernevik, Britt Hilde Våge, Erling Våge og Trude Lund.



**Kjerringråd  
mot  
uråd**

### Barnepleie:

Allerede ved fødselen av bør moren ta frem barnet en gang i mellom for å gjøre det rent. Babyen lever et liv i vann i ni måneder. De første dagene etter den er født, må den venne seg til livet i luften og folde ut lungene. Bryste er en stor tåteflaske som kvinnene gjemmer til barna sine, unntatt når de ammer. Før man ammer, skal man koke brystene i ti minutter for å gjøre dem rene. Mna kan aldri være for forsiktig over for slike små, skrøpelige vesener. Ofte er det best å sterilisere ku også for å være på den sikre side. Hvis babyen får forstoppelse, kan man gi den et klyster av sukkervann i tåteflasken.